

PRESSEMELDING OM KORONAVIRUSET

Volda kommune 23.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset – smitta er i lokalmiljøet i Volda - to nye smittetilfelle

Smitta er i lokalmiljøet. Det er no påvist to nye smittetilfelle. Den eine er knytt til same person som var påvist smitta før helga. Den tredje er også smitta innanlands. Det er viktig å merke seg no at smitta er i vårt lokalmiljø, og at det vil vere ukjende smitteskjelder som helsetenesta ikkje har kontroll på. Vi må derfor oppmode alle om å ta situasjonen alvorleg. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er svært smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Reisekarantene. Fylkesmannen gjekk ut med ei oppmoding til alle kommunane i fylket om å gjere vedtak om heimekarantene på 14 dagar for alle som kjem til kommunen frå fylka: Oslo, Agder, Rogaland, Viken, Vestfold og Telemark, Innlandet og Vestland. Bakgrunnen er å redusere smitta av koronaviruset (Covid-19) ved å ha karantene i samband med reise til fylke med høgare tal smitta. Volda kommune har valt å følgje dei nasjonale råda og ikkje innføre lokale reglar for reisekarantene.

Oppmoding til deg som innbyggjar. Følg råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: hald deg mest mogleg i ro, reduser direkte sosialkontakt, hald minst 1 meter avstand til andre og vask hendene ofte. Akkurat no er ikkje tidspunktet da ein skal drive og reise. Det er ikkje vedtak om reisekarantene eller ikkje som vil gjere den største forskjellen. Det som betyr noko er at du følgjer råda.

Legetenesta. Volda kommune er framleis takksam for at du viser omsyn og ikkje tek kontakt med legetenesta om ting som kan vente. Dei som treng særskilt hjelp får kome til legetime etter avtale. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

Operativ krisestab. Volda kommune held fram med operativ krisestab som møtest kvar morgon for å oppdatere informasjon og vurdere tiltak. Dei fleste deltek digitalt for at færrast mogleg sit i same rom.

Uroleg for konsekvensane i næringslivet. Ordføraren ser med uro på auken i permitteringsvarsla, og den uroen som mange i næringslivet no uttrykkjer. Det er viktig at regjeringa set inn dei tiltaka som trengst for å berge bedriftene og arbeidsplassane. Vi må ha eit næringsliv som kan produsere verdiar for å halde samfunnet oppe etter at krisa er over. Kommunen vil ta kontakt med næringslivet for

å få nærare orientering om situasjonen for å fange opp behov som må meldast til myndigheitene.

Ver tolmodig. Det er viktig å vise tolmod og ta vare på kvarandre. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det. Det er viktig å vere klare over at ei krise varer berre i ein perioden, og at vi skal attende til normal situasjon. Vi er tross alt heldige som bur i eit land med høg grad av tillit mellom myndigheitene og folket, god infrastruktur og tilgang på ressursar. Dette gir gode føresetnader for at landet kjem seg gjennom denne krisa.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.